



DOVRE
BIBLIOTEK

| HAUSTPROGRAM | 2025

PROGRAM FOR BARN

AUGUST

26. AUGUST KL 18.00 | SOMMARLESFEST

Med Astrofysikar Knut Jørgen Rød Ødegaard. Avslutningsfest for alle som har delteke på Sommarles. Passar fint for 1. til 7. klasse. Gratis.

SEPTEMBER

8. SEPTEMBER KL. 18.00 | MUSIKKQUIZ

Bli med på ein musikkquiz utanom det vanlege! Varierte musikk-spørsmål med innslag av levande musikk med kulturskolen. Maks 5 personar per lag. Målgruppe: familiar. Gratis.

10. SEPTEMBER KL. 18.30 | HØGTLESING OG DANSELEIK | MIEKO DANSER

Med Mariko Miyata-Jancey, forfattar, dansepedagog og koreograf. Passar for 2-6 år. Gratis.

29. SEPTEMBER KL. 17.30 | SONGSTUND MED MARTINE

Det blir kveldsmat og songstund med Martine Haugen frå kulturskolen. Passar for 3-7 år, men heile familien er velkomen. Påmelding innan 28. september til: bib@dovre.kommune.no. Gratis.

OKTOBER

1.-31. OKTOBER | SKREKKBINGO

Hent skjema på biblioteket eller last ned frå heimesida vår. For alle barn t.o.m. 7. trinn. Premie til alle med bingo! Lever skjemaet hos oss innan 31.10.

4. OKTOBER KL. 11.00-14.00 | HAUSTFERIEVERKSTAD | SILUETTBILDE |

Lag eit fint haustbilde, vi har alt du treng og kan hjelpe deg i gang. For heile familien. Gratis.

18. OKTOBER KL. 12.00 | BARNEKINO | PANDA PÅ VILLE VEIER |

Alder 6+. Norsk tale. 1 time og 24 minutt. Gratis.

25. OKTOBER KL. 11.00-14.00 | HALLOWEEN-VERKSTAD OG EDDERKOPPJAKT

Lag fine mumielykter heilt sjølv, vi har alt du treng av utstyr. Det blir også edderkoppjakt i biblioteket - kor mange finn du? Premie til alle. For deg mellom 4 og 10 år. Gratis.

NOVEMBER

7.-8. NOVEMBER | KOSEDYROVERNATTING

Alle kosedyr er invitert til overnatting på biblioteket! Lever kosedyret hjå oss fredag 7. november mellom kl. 15 og 17, og hent laurdag mellom klokka 11 og 14. Velkomen!

15. NOVEMBER | TEATER | ASKELADDEN SOM STJAL SØLVENDENE TIL TROLLET

Familieførestilling med Askeladden Friteater. Passar for alle i alderen 3-100 år. Gratis.

17. NOVEMBER kl. 17.30 | LESESTUND MED JAKOB

Jakob Vorkinn les fine forteljingar, og biblioteket set fram kveldsmat. Passar for 3-7 år, men heile familien er velkomen. Påmelding innan 16. november til: bib@dovre.kommune.no. Gratis.

DESEMBER

1.-24. DESEMBER | ADVENTSKALENDER

Vi pakkar 24 bøker i fint julepapir og låner ut til deg. Fortel oss kor mange ungar som skal dele den og kor gamle dei er, så finn vi lettare bøker som passar godt. For 3-8 år. Bestill innan 16. november. Gratis.

6. DESEMBER KL. 12.00 | BARNEKINO | GUBBEN OG KATTEN. TIDENES GLADESTE JUL |

For alle aldre. Norsk tale. 1 time og 18 minutt. Gratis.

**VEKE 37
JUBILEUMSVEKE**
Lesja og Dovre
kulturskole er 30
år, bli med og feir!

VEKE 40 + 41
Kvar dag i
haustferien set vi
fram teikneutstyr
i barneavdelinga.



HELSESTASJONS- BIBLIOTEKET

Lån bøker for dei minste
på helsestasjonen.
Opnar i løpet av
hausten! Velkomen!

PROGRAM FOR VAKSNE

15. SEPTEMBER KL 18.00 | OPEN LESESIRKEL

Her treng du ikkje førebu deg. Du kan berre lytte, nyte, eller delta i diskusjonen rundt teksta. Fokuset er på å dele tekstopplevinga saman. Tekstene blir ikkje annonsert på førehand, slik at møtet med tekstene blir umiddelbar for alle i gruppa. Vi les ei novelle og eit dikt kvar gong. Uforpliktande oppmøte.

22. SEPTEMBER KL. 18.00 | UTVANDRARJUBILEET 2025 FOREDRAG MED TERJE JORANGER OM NORSK UTVANDRINGSHISTORIE

I år er det 200 år sidan den fyrste organiserte utvandringa frå Noreg til Amerika starta. Joranger arbeider ved Anno Norsk utvandremuseum og ved Universitetet i Innlandet, og foredraget vil ha både nasjonal og lokal forankring. Arnfinn Kjelland frå Lesja historielag fortel om bygdebøker som kjelder til utvandringa, og kva vi finn i Lesja-bøkene. Kaffe og enkel servering.

I samarbeid med Gudbrandsdalsmusea og historielaga i Dovre og Lesja. Gratis.



13. OKTOBER KL. 18.00 | NY DAG, NY NÅDE | FOREDRAG MED PETTER FISKUM MYHR

"Du vil vel finne på noko som får tida til å gå," sa folk, da Petter Fiskum Myhr gjekk av som direktør for Olavsfest i Trondheim. "Nei, eg skal finne på noko som får tida til å vare," svara han. "Du vil i alle fall ikkje setje deg ned i ein gyngestoll!" sa dei. "Det er akkurat det eg skal," svara Myhr. Erfaringane frå gyngestolen har blitt til boka "Ny dag, ny nåde", ei vakker forteljing om liv og død.

I samarbeid med Rus og psykisk helseteneste i Dovre kommune. Gratis.



KURS OVER TO KVELDAR | GRUPPE 1: 20. OKTOBER OG 27. OKTOBER KL. 18.00 | FULLT GRUPPE 2: 21. OKTOBER OG 28. OKTOBER KL. 18.00 | LAG KJØKENREISKAPAR I TRE

Jonny Vindfjell, lærar i treskjæring ved Dovre handverksskole, held spikkekurs av kjøkenreiskapar i tre. Kurset passar nybyrjarar og øva. Du får utdelt alt du treng på kurset. Påmelding innan 15. oktober til bib@dovre.kommune.no.

I samarbeid med Gudbrandsdalsmusea. Kursavgift kr. 200,-.

VINTERLES

15. nov.-15. mars
Hent skjema på
biblioteket og
bli med!

1. NOVEMBER KL. 12.00 | KULTURSKOLEKONSERT

Sjå og høyr litt av det Lesja og Dovre kulturskole har å by på. Det blir servert drikke og snacks. Gratis og ope for alle.

10. NOVEMBER KL. 18.00 | BOK-KALAS

Olaug, Eldrid, Elisabeth og Signe kjem med hurtigtips om dei nyaste bøkene. Det blir kjaspe omtalar og stor spennvidde i utvalet. Vi serverer varm haustsuppe. Bli med på kalas! Gratis.

24. NOVEMBER KL 18.00 | OPEN LESESIRKEL

Her treng du ikkje førebu deg. Du kan berre lytte, nyte, eller delta i diskusjonen rundt teksta. Fokuset er på å dele tekstopplevinga saman. Tekstene blir ikkje annonsert på førehand, slik at møtet med tekstene blir umiddelbar for alle i gruppa. Vi les ei novelle og eit dikt kvar gong. Uforpliktande oppmøte.



TILBOD FOR UNGDOM

SPILLSENTER | Er du 4. klassing eller eldre kan du prøve deg på Spillsenteret vårt. Gaming pc-ar og X-boxar. Ope når biblioteket er ope.

UNGDOMSAVDELING | I ungdomsavdelinga kan du spele biljard, mange ulike brettspel eller Nintendo Switch.



DIGITALE TENESTER

FLIPP | Les 90 populære magasin digitalt. Aktiver tilgang via appen, opprett konto, og få tilgang i sju dagar om gongen.



FILMOTEKET | Sjå film på filmstraumetenesten til biblioteka. Velg blant titlar for barn, ungdom og vaksne. Klassikarar, Oscar-vinnarar og "blockbustere".



bookbites | Lån e-bøker og e-lydbøker.



| DOVRE BIBLIOTEK |

bib@dovre.kommune.no | 61 24 26 90

@ #dovrebib

facebook.com/dovre.folkebibliotek

www.dovre.kommune.no/tjenester/kultur-og-idrett
/dovre-folkebibliotek/

OPNINGSTIDER

Måndag 12.00-18.00
Tysdag 10.00-15.30
Torsdag 10.00-15.30
Fredag 10.00-15.30
Laurdag 11.00-14.00

SØK I KATALOGEN VÅR + MINE SIDER



Innlandsarkivet:
Onsdag 14.00-18.00

https://surf.cicero-suite.com

SEPTEMBER

OKTOBER

NOVEMBER